

Vegen heim til deg

På eit teppe midt midt på gulvet, sit ei jente ung og spe'
Helde blikket fast mot døra, med ei stille bøn om fred.
Heile dagen har du venta, på ein larm av kjente steg
At han skal ta den rette veg, vegen heim te deg

Sei meg, vil du deg så ille, at du ikkje anna kan?
Brenne all di kraft på trua, sløse alt på slik ei mann.
Som har svikta alt og alle, og sett livet ditt på vent.
Eit liv som ikkje lemnar håp, det har du ei fortent..

Nei, høyr mi stille ønskje, på den sæle julekveld.
Om so alle håpa svinne, så er det håp allikevel.
Korleis kan han finne vegen, om eg ikkje lyset brenn.
Ei stjerne i den mørke natt. Eit lys mot himmelen.

I den stille mørke time har ein engel funne ro.
Han som kjempa sine kampar, han fann vegen heim til ho
Og mens verda langsamt synke inn i alle draumars land
Så vernar han det vesle lys, med kjærleg faderhand.

Og mens verda langsamt synke inn i alle draumars land
Så vernar han det vesle lys, med kjærleg faderhand.